



## DEN NORSKE KYRKJA Lavik Sokneråd

### Møteprotokoll for Lavik sokneråd torsdag 21. oktober 2021

#### Tilstades:

Tonje Førde Systad, Toril Lange, Torunn Styve, Katrin Borlaug Ringereide, Monica Sunde Tjønnås, Rolf Aamot, Wenche Liljedal, Karl Hjelmeland

**Ord til opning v/ Karl** – tema var Respekt, rettferd og menneskeverd.

**Godkjenning av innkalling og sakliste samt referat frå 2. september.**

#### Meldingssaker:

**22/21: Sidan sist.**

**Evaluering av gudstenester og samlingar.**

18. sept: Konfirmasjonsgudsteneste –

26. sept: Hausttakkefest med utdeling av bøker – mange barnefamiliar møtte, utdeling av bøker og materiell til alle aldersgrupper frå dei minste til 12 år.

10. okt: Ordinær gudsteneste. Få framømte.

24. okt: Fredagskveld på Alværa, 9 born 5.-7.kasse og 3 konfirmantar som hjelparar. Taco, spel, leik og andakt

29. sept.: T-dag, 6 stk 2.-4.klasse

6. okt : Mat og prat. Fin kveld, men berre ein person møtte forutan oss som arrangerte. Det er nok utfordrande å nå målgruppa, som i utgangspunktet var menneske i alderen 20-40+ år, nokon kan ha problem med barnevakt. Også utfordrande å finne tema som engasjerer.

Andakt – Helsesenteret har vore 2 gonger i haust.

NMSU leir på Alværa; 10 born og 3 ungdomsleiarar frå Lavik deltok.

**23/21: Info frå fellesrådet 07. okt**

**24/21: Referat redaksjonsmøte i Helgestunder, 5. okt** – Soknerådet sitt ansvar: Min julesalme. Torunn utfordrar nokon til å skrive.

**25/21: Vasslekkasjen i kyrkja er reparert.**

**26/21: Kyrkjeleg organisering**

**27/21: Felles soknerådsmøte 4. nov** på Alværa. Der vil det verte orientert om kyrkjeleg organisering.

#### Vedtaksaker:

**Sak 27/21: Gudsteneste 1. juledag i Lavik kyrkje**

Soknerådet har på si facebookgruppe gått inn for at det ikkje skal vere

høgtidsgudsteneste i Lavik 1. juledag.

Etter at ein for ein del år sidan byrja med gudsteneste i Lavik julaftan, har deltakatalet på juledagsgudstenesta vore synkande.

For ei lita bygd som Lavik er det nok for mykje med gudsteneste begge dagane.

**Vedtak:** Soknerådet går inn for at det ikkje vert gudsteneste i Lavik 1. juledag.

#### **Sak 28/21: Framtida til Lavik kyrkjekontor**

Høyanger kyrkjelege fellesråd har kome med framlegg om avvikling av kontoret i Lavik. Soknerådet ynskjer ei tid til drøfting av dette, og utset vedtak i saka til neste møte, som er 25/11, altså før neste møte i HKF.

**Vedtak: Utsett til neste møte**

#### **Sak 29/21: Søknad om fjerning av kyrkjebenker i Lavik kyrkje.**

Saka kom opp på møte første gong 4. juni 2019. Då vart det gjort vedtak om å fjerne 2 benker – 1 framme og 1 bak. Etter dette vedtak mottok soknerådet brev frå Fjordbrass med ynskje om å fjerne fleire benker. På det siste soknreådsmøte 30. januar 2020, før koronaen, vart det gjort vedtak om å utgreie dette meir. Om det skal fjernast 2 benker eller fleire, har soknerådet ikkje tatt stilling. Difor har ikkje kyrkjevevjerje sendt søknad til BDR. Kva er vegen vidare? Bør vi ha ei synfaring i kyrkja?

Lavik sokneråd ynskjer benkar fjerna for å få auka fleksibilitet i bruken av kyrkja – både med tanke på konsertar, kyrkjekaffi, høve til dekke bord til måltid og ein krok (bak) der born kan vere under gudstenesta og røre på seg utan at det forstyrrer nevneverdig.

**Vedtak:** Lavik sokneråd tilrår/bed om at det vert sendt søknad frå kyrkjevevjerje til biskopen om løyve til å fjerne dei to fremste benkane på venstre side (sett frå bak i kyrkja), den fremste benken på høgre side og den bakerste på venstre side

#### **Sak 30/21: Gudstenesteplanen for 2022 g kyrkjevertar/klokkarar nov/des 2021**

Gudstenestelista er ikkje klar, men vi kan drøfta kva slags gudsteneste vi ønsker.

Friluftsgudsteneste? Temagudsteneste?

**Vedtak:** Kyrkjevert og klokkarar vart fastsett på gudstenestene tom 16.januar.

#### **Ymse**

Informasjon om at det vil kome ein søknad om dekking av planlagt utbetring av minigolfbane på Alværa

**Neste møte: torsdag 25.11.2021 kl 19 på Lavik kyrkjekontor.**

Lavik 27.10.2021

Torunn Styve, ref

